

Kulturminne på Halsnøy kloster.



HALSNØY KLOSTER

Halsnøy kloster blir idag drive av Sunnhordland Museum som museum og kulturarena. Gjennom heile året finn du små og store tilskipingar som utstillingar, konsertar og ikkje minst festivalen "Klosterdagane".

VENELAGET FOR HALSNØY KLOSTER

Kulturløypa er rydda og tilrettelagd av Venelaget for Halsnøy Kloster (stifta 1986). Venelaget syter for dugnader og praktisk organisering og hjelp til ei rekke av dei kulturelle tilskipingane ved Halsnøy kloster. Bli støttemedlem du også, og hjelp oss ta vare på det unike kulturlandskapet og kulturminna her. Kulturløypa er realisert gjennom støtte frå Riksantikvaren og støtte frå lokalt næringsliv.

Her finn du klosterruinar frå mellomalderen, gravhaugar (truleg bronsealder), tuft etter langskipsnaust frå jernalderen og ein steinring, truleg ein tingstad frå førkristen tid.

Du finn og ein skålgropstein frå bronsealderen i klosterbryggja

Halsnøy kloster har ein særskild rik flora og fauna, og ein rik geologisk historie. Gjennom samarbeid mellom Venelaget for Halsnøy kloster, Sunnhordland museum og Riksantikvaren har det blitt laga ei innholdsrik kulturløype i området rundt klosteret. Langs løypa finn du informasjonstavler om mange ulike tema.

Sjølve kulturløypa tek kring 1,5 time å gå. Terrenget er lett å gå i, men eignar seg ikkje for rullestol. Kun oppe på klostertunet er det mogeleg. Hesteriding er heller ikkje tillete.

Ein bør helst ha godt skotøy og vasstet sko/støvlar når det er vått. God tur!

